



Til: WSP Norge AS
Kopi til:
Saksbehandlar: Samfunnsutvikling og kommunalteknikk/Helen Gjærde
Vår referanse:
Dato: 28.06.2019

Tildeling av oppdrag

Oppdraget gjeld funksjonar som byggherren sin representant og KU i arbeidet med senking av Kvassnesvegen og ny midlertidig bussterminal i Knarvik sentrum. Vurderinga nedanfor er gitt til begge tilbydarar, og WSP er omtala som tilbydar 2.

Relevant erfaring og kompetanse

Tilbydar 2 er vurdert til å ha betre erfaring innan prosjektadministrasjon, og kompetansen dekkjer eit større fagfelt enn tilbydar 1. I Knarvik er det eit stort behov for brei forståing for fagfelt som regulering og planlegging, både juridisk og økonomisk. Her stiller tilbydar 2 betre enn tilbydar 1. Tilbydarane har relevant utdanning. Tilbydar 2 sin kandidat har utdanning som sivilingeniør, mens tilbydar 1 har toårig grunntutdanning som ingeniør. Begge har i tillegg relevante kurs.

Tilgjengelegheit og tid for levering av oppdraget

Begge tilbydarar tilfredsstillar kriteriene.

Total kostnad for oppdraget

Vi har vurdert totalkostnad for oppdraget. Tilbydar 2 kjem best ut, med ein lågare totalkostnad enn tilbydar 1.

Tildeling av oppdraget

Begge tilbydarar skårar likt på tilgjengelegheit og tid for levering av oppdraget, mens tilbydar 2 skårar betre på både total kostnad og på erfaring/kompetanse. Med bakgrunn i tildelingskriterier omtala i konkurransegrunnlaget og vurdering av begge tilbod vil vi med dette tildele oppdraget til tilbydar 2 som er WSP Norge AS.



Vi takkar for gode tilbod og interesse, og ønskjer dykk ein god sommar når den tid kjem.

Venleg helsing,

Helen Gjærde | Prosjektleder Regionsenterutvikling

E-post: helen.gjerde@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 918 01 871
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

